

## Skjemainformasjon

Referanse 190612  
Innsendt 14.10.2008 19:53:29

## Opplysningar om søkjar

Søkjar  
Namn på organisasjonen Kultur- og idrettavdelinga Hordaland fylkeskommune  
Leiar for institusjonen Ronny Skaar  
Postadresse Pb. 7900  
Postnummer / Poststad 5020 Bergen  
Tlf. til organisasjonen 55239185  
Kontaktperson for prosjektet Anne Aune  
Tlf. til kontaktperson 55239956  
E-post til kontaktperson anne.aune@post.hfk.no  
Nettstad <http://www.hordaland.no/default.aspx?id=126>  
Org. Nr NO 938 626 367

## Opplysningar om prosjektet

Prosjekt  
Søknaden gjeld Utvikling av digitalt innhald og tenester

- ☞ utvikling av brukarvenlege digitale tenester
- ☞ digital tilgjengeleggjering og digital formidling av kunnskap og kulturarv
- ☞ samarbeid med faglege og regionale partnerar for Kulturnett.no.
- ☞ "Digitalt fortalt – kulturminne på nett"

Tittel på prosjektet Nettbasert kulturformidling Hordaland

Samandrag av prosjektet

Målet for prosjektet er å utvikle innhaldsproduksjon for nettbasert kulturformidling som kan gi alle fri tilgang til eit breitt, representativt utval av kultur- og kunnskapskjelder frå Hordaland. Innhaldsproduksjonen omfattar utval, bearbeiding og tilrettelegging, digitalisering og publisering av materiale som dokumenterer kulturarv og kulturminne i alle kommunar i fylket, både tidlegare upublisert dokumentasjons- og kjeldemateriale frå abm-institusjonane og sogelag i fylket.

Prosjektomtale

Målsetjingar

Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har gått saman med arkiv, bibliotek, museum, frivillige organisasjonar og kommunar i Hordaland for å gjera fylket sin kultur- og kunnskapsarv lettare tilgjengeleg ved å satsa systematisk på nettbasert kulturformidling. Satsinga er ein del av den samla nasjonale løftet for digitalisering av kjelder til kunnskap og kultur. I 2009 vil vi i trå med tema for Kulturminneåret rette spesielt fokus mot formidling av kjelder knytt til dagleglivets kulturminne.

Hovudmålet for satsinga er å utvikle innhaldsproduksjon for nettbasert kulturformidling som kan gi alle fri tilgang til eit breitt, representativt utval av kultur- og kunnskapskjelder frå Hordaland. Innhaldsproduksjonen omfattar utval, bearbeiding og tilrettelegging, digitalisering og publisering av materiale som dokumenterer kulturarv og kulturminne i alle kommunar i fylket, både tidlegare upublisert dokumentasjons- og kjeldemateriale frå abm-institusjonane og fylkeskommunen, arkiv- og museums katalogar, nyskrivne artiklar og tidlegare publisert (analogt) materiale.

Dette er eit 2-årig prosjekt, og vi kom i gang i 2007. I prosjektperioden skal det publiserast 1 500 artiklar med illustrasjonar og 15 000 katalogiserte fotografi. Satsinga byggjer på dei tenestene for nettbasert kulturformidling som er utvikla av Sogn og Fjordane fylkeskommune (jf. samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune). Det digitale materialet vert gjort tilgjengeleg gjennom Kulturnett Hordaland, og kan enkelt eksporterast til og implementerast i andre nettportalar.

Etter at prosjektet er avslutta skal dei tenestene som er etablert drivast vidare av Hordaland fylkesarkiv som permanente tilbod.

Satsinga skal på lengre sikt føre til:

- ein kunnskapsbase som i omfang og kvalitet vil vere eit attraktivt tilbod for brukarane
- ei felles formidlingsteneste for abm-institusjonane i fylket
- etablering av eit permanent nettverk for innhaldsproduksjon for denne tenesta
- ein infrastruktur for trygg bevaring og god forvaltning av digitalisert materiale
- heva kompetanse i arbeidet med kultur- og kunnskapsformidling på nett
- betre samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, institusjonar i abm-sektoren, og mellom abm-sektoren, nærskyldte institusjonar og tiltak, og frivillig sektor.

Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet går over to år, det byrja i 2008 og er delt i fem arbeidspakkar.

Arbeidspakkane supplerer kvarandre innhaldsmessig, men kan likevel gjennomførast uavhengig av kvarandre. Arbeidet med arbeidspakkane føregår i stor grad parallelt.

Arbeidspakke 1: Kulturhistorisk vegbok Hordaland på nett

Arbeidspakke 1 dreier seg om nettpublisering av materiale frå Kulturhistorisk vegbok Hordaland. Vi er i gang med å utvikle ein metodikk for digitalisering av artiklane i vegboka og leggje dei inn i artikkelbasen som vi har fått tilgang til gjennom samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter kvart som artiklane er ferdig digitalisert og kvalitetssikra vert dei lagt ut på nett. Sjå:  
[http://hordaland.kulturnett.no/kulturhistorisk\\_leksikon.php](http://hordaland.kulturnett.no/kulturhistorisk_leksikon.php)

Kulturhistorisk vegbok vil bli supplert med Vegminne i Hordaland og ein artikkelserie om fyrstasjonar i Hordaland. I tillegg bli det skreve nye artiklar frå Åsane og Norhordland. Ein vil også ha ei satsing på å få skreve nye artiklar knytt opp mot tema for Kulturminneåret; Kvardagslivets kulturminne.

I 2008 har Hordaland vore med å vidareutvikle artikkelbasen. Ein av medarbeidarane har vore med i ei gruppe som arbeider med kategoriar og emneord for strukturering av innhaldet i basen. Dette er utviklingsarbeid som vi også ønskjer å vere med på og vil prioritere i 2009.

Arbeidspakke 2: Sentral drifting og publisering av museumskatalogar i fylket.

I arbeidspakke 2 har vi samarbeidd med dei konsoliderte musea i fylket for å få etablert ei sentral drifting av museumskatalogane. Dette arbeidet er no avslutta og den daglege driftinga av Primus er overført til Bevaringstenesta ved Museumssenteret på Salhus.

I 2009 vil prosjektet invitere musea til å delta i eit nettverket for innhaldsproduksjon på nett, der mellom anna publisering av artiklar som set dei ulike gjenstandskategoriene inn i ein kontekst vil stå sentralt. Spesielt vil vi rette fokuset inn mot gjenstandar med tilknytning til kvardagsliv.

Arbeidspakke 3: Publisering av foto på nett.

I arbeidspakke 3 vert det arbeidd med å gjere den fotografiske kulturarven som er forvalta av abm-institusjonane i Hordaland tilgjengeleg på nett .

I denne arbeidspakka har også konvertering av eldre databasar på musea i Hordaland blitt prioritert, og ein må sjå dette arbeidet i nær relasjon til arbeidspakke 3. Dei musea som hadde registrert fotosamlingane i WinRegimus har konvertert alle data til Primus. Ein gjennomgang av dei konverterte fotobasane viser ulik registreringspraksis på musea og det er kvalitative forskjellar på dei registrerte data. Det er difor behov for ein gjennomgang av registreringane på enkelte museum. Det er heller ikkje samsvar

mellom registrerte postar og digitaliserte foto, endå er etterslepet på digitalisering stort. Prosjektet vil stimulere til eit samla digitaliseringsløft på musea i Hordaland. På same måte som gjenstandskatalogane til musea vil fotosamlingane bli publisert på nett.

Vi har i prosjektet også arbeidd med å publisere nyopptak og eldre fotomateriale i Hordaland fylkeskommune. Desse bilde blir fortlaupane publisert på nettstaden Fotografi frå Hordaland - før og nå, sjå: <http://hordalandfoto.ivist.no/fotoweb/> Målsettinga er å integrere dei ulike basane i eit felles ABM-søk for foto i Hordaland.

Arbeidspakke 4: Publisering av arkivkatalogar på nett.

Arbeidspakke 4 går ut på å etablere samarbeid med arkivinstitusjonane i fylket. Bergen Byarkiv, Interkommunalt arkiv i Hordaland og Statsarkivet i Bergen har alle produsert katalogar, artiklar og anna materiale som er godt eigna for nettformidling. Ein del av dette er alt tilgjengeleg på nettet. Gjennom dette prosjektet skal det utviklast samarbeid om å gjere slikt materiale som dokumenterer arkiv og arkivskaparar i Hordaland tilgjengeleg som ein felles ressurs.

Arbeidspakke 5 er eit pilotprosjekt for nettpublisering av lokalhistorisk stoff.

I arbeidspakke 5 er målsettinga å publisering av eldre eller nyskrivne artiklar frå det lokalhistoriske. Både i lokalhistoriske årbøker, bygdebøker og jubileumsskrifter ligg mykje materiale som anten kan publiserast i original form eller vera basis for nye artiklar. I tillegg kan det tingast stoff frå aktive lokalhistorikarar.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato	01.01.2008
Sluttdato	31.12.2009

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
Arbeidspakke 1	01.01.2008	31.12.2009
Arbeidspakke 2	01.02.2008	31.12.2009
Arbeidspakke 3	01.02.2008	31.12.2009
Arbeidspakke 4	01.01.2009	31.12.2009
Arbeidspakke 5	01.01.2009	31.12.2009

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

Prosjektet kom i gang i 2008 og vi har sendt inn ein status for prosjektet til ABM-utvikling.

## Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar?

Ja

### Samarbeidspartner 1

Namn

Dei kulturhistoriske musea i Hordaland

Formell avtale?

Ja

Postadresse

Pb. 7900

Postnr / Poststad

5020 Bergen

Kontaktperson

Anne Aune

Tlf. til kontaktperson

55239956

E-post til kontaktperson

anne.aune@post.hfk.no

Kultur- og idrettavdelinga i HFK samarbeider formelt om konvertering av museumsbasar til Primus med: Museumssenteret på Salhus, Sunnhordland museum, Bergen Bymuseum, Hardanger og Voss museum, Norsk vasskraft og industristadmuseum og MuseumVest. De kan ta kontakt med Anne Aune for meir informasjon.

Rolle

### Samarbeidspartner 2

Namn

I KA-Hordaland, Bergen Byarkiv, Statsarkivet

Formell avtale?

Nei

Postadresse

PB. 7900

Postnr / Poststad

5020 Bergen

Kontaktperson

Anne Aune

Tlf. til kontaktperson

55239956

E-post til kontaktperson

anne.aune@post.hfk.no

Bergen Byarkiv, Interkommunalt arkiv i Hordaland og Statsarkivet i Bergen har alle produsert katalogar, artiklar og anna materiale som er godt eigna for nettformidling. Ein del av dette er alt tilgjengeleg på nettet. Gjennom dette prosjektet skal det utviklast samarbeid om å gjere slikt materiale som dokumenterer arkiv og arkivskaparar i Hordaland tilgjengeleg som ein felles ressurs.

Rolle

### Samarbeidspartner 3

Namn

Hordaland sogelag

Formell avtale?

Nei

Postadresse

Hordaland Sogelag

Postnr / Poststad

5350 Brattholmen

Kontaktperson  
Tlf. til kontaktperson  
E-post til kontaktperson

Else Marie Kind Hevrøy  
55239956  
elsemarie@c2i.net

Rolle  
Hordaland fylkesarkiv vil innleie samarbeid med Hordaland sogelag og lokalhistorikarar i fylke om å publisere lokalhistoriske årbøker, bygdebøker og jubileumsskrifter.

## Prosjektbudsjett

Prosjekt  
Eittårig eller fleirårig prosjekt? Fleirårig  
Er prosjektet pågåande? Ja  
Oppgi arkivsaknummer: 07/369-4

### BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

#### Utgifter

Kva	Spesifikasjon	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	3 årsverk	kr 1 400 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	Digitaliseringstenester	kr 200 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Møtet o.l.	kr 50 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 1 650 000,00</b>

#### Inntekter

Spesifikasjon	Tilskot stadfesta?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 710 000,00</u>
Omdisponering av personale	Ja	kr 700 000,00
Fylkeskommunalt løyve til nettbasert kulturformidl	Ja	kr 240 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 1 650 000,00</b>

### Kommentar til budsjett neste år

Nettbasert kulturformidling fekk ei løyving på kr. 150.000 av ABM-utvikling i 2008. Vi har likevel valt å halde oss til det budsjettet vi satte opp i den tidlegare søknaden. Dette vert difor vidareført, og justert i trå med dei bevilgningane ein måtte få i 2009.

### BUDSJETT FOR HEILE PROSJEKTPERIODEN

#### Utgifter

Kva	Spesifikasjon	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	6 årsverk	kr 2 800 000,00
Varer/utstyr		kr 0,00
Tjenester kjøpt av andre	Digitaliseringstenester	kr 400 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Møter o.l.	kr 100 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 3 300 000,00</b>

#### Inntekter

Spesifikasjon	Tilskot stadfesta?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 1 500 000,00</u>
Omdisponering av personalressursar	Ja	kr 1 400 000,00
Fylkeskommunale løyvingar	Nei	kr 400 000,00

Totale inntekter

kr 3 300 000,00

Kommentar til heile prosjektperioden

Vi kan ikkje forskutere løyvingane frå fylkeskommunen til prosjektet. Men prosjektet Nettbasert kulturformidling er eit satsingsfelt innanfor Kultur- og idrettsavdelinga i HFK.

#### Vedlegg

- Oversyn over arbeidspakkar Nettbasert kultur Hordaland.doc